



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Ole Bakkebø, 55 57 21 40

Ordførarane i Hordaland

### Kommunereforma status desember 2015

Vår dato 15.12.2015	Dykkar dato «REFDATE»	Vår referanse 2014/8610-310
Klassering		Dykkar referanse «REF»
17. 12. 2015		
Art. nummer 14/1513		Tematikk
Stortings-		

Det nærmar seg det tidspunktet at kommunestyra skal fatte vedtak om si oppfylging av kommunereforma.

Fylkesmannen har difor trong for å presisere det ansvaret som ligg på det einskilde kommunestyret i den tida som står att.

Stortinget krev at alle kommunar skal ta aktivt del i kommunereforma. Dette ansvaret inneber å ha dialog med nabokommunar, utgreie og vurdere ulike alternativ for så å ta standpunkt til om – og i så fall - kva kommune (ar) ein ynskjer å gå saman med. Desse vedtaka skal vere fatta innan 1. juli 2016.

Stortinget ynskjer at kommunane i vurderingane sine om korleis framtida vil te seg, legg til grunn eit perspektiv som går over minst 20- 30 år. Saksutgreiinga må også fange opp og sannsynleggjere dei utfordringar kommunane vil stå framfor på tvers av alle faglege sektorar innanfor kommunal forvaltning og tenesteproduksjon. Det dreier seg om reell vilje og faktisk evne til både å framskrive trendar og forutsjå endringar som måtte komme i kommunen og dei einskilde lokalsamfunna.

Spørsmålet dreier seg ikkje om ein innanfor kortsiktige tidsrammer med dagens inntektssystem økonomisk sett maktar å fortsetje som eigen kommune. I denne vurderinga må kommunane også vurdere konsekvensane av det som kan bli av endringar i inntektssystemet. Vi viser til det høyningsnotatet om endringar av inntektssystemet som er opplyst vil verte sendt frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet om kort tid.

I desse prosessane bør innbyggjarar, tilsette, næringsliv og friviljug sektor verte involverte, slik at kommunestyra har tilgang på godt kunnskapsgrunnlag og gode underliggende analyser. Det er ikkje noko i vegen for at ein kommune (eller grupper av kommunar) inkluderer i utgreiingane og analysane sine ein nabokommune (eller fleire) som ikkje ser seg tent med kommunesamanslåing i seg sjølv eller ikkje vil delta i «nabopraten».

Spørsmål om eventuelle grensejusteringar skal ikkje takast opp som eiga sak , men vere ein del av den friviljuge reformprosessen. Det er viktig at saka og saksunderlaget er best mogeleg opplyst i det aktuelle området når ho kjem til handsaming i regjering og storting. Etter vår oppfatning inneber det at kommunar som etter ei samla vurdering vel å stå åleine, bør grunngje sine standpunkt overfor regjering og storting basert på utgreiingar i reformprosessen.

Stortinget har bedd regjeringa syte for at Fylkesmennene kjem med ei tilråding om kommunestrukturen i fylket. Departementet legg til grunn at Fylkesmennene sine råd om framtidig kommunestruktur i fylket skal vere basert på måla for reforma, kriteria for god kommunestruktur og dei lokale prosessane i fylket. Fylkesmannen skal sende tilrådinga si til Kommunal- og moderniseringsdepartementet innan 1. oktober 2016. Det er difor viktig at kommunane i sine saksutgreiingar vurderer og tek standpunkt til målsetjingane for reforma.

Stortinget legg elles til grunn at friviljugprinsippet skal gjelde i reformprosessane fram til 1. juli. Regjeringa legg fram samla ein proposisjon til Stortinget om ny kommunestruktur og nye oppgåver for kommunane våren 2017. Fylkesmannen vil minne om at tidsrommet for kommunane fram til endeleg vedtak innan 1. juli er knapt.

Fylkesmannen har vitja alle kommunestyra i fylket i 2014 og 2015. Fylkesmannen vil i det vidare prioritere ressursbruken sin til dei kommunane der det er realistisk at det vert fatta samanslåingsvedtak eller det har oppstått spesielle utfordringar knytte til reformprosessen. Det kan vere aktuelt å løyve skjønnsmidlar til å utgreie avgrensa problemstillingar. Vi viser til at det i desse dagar vil bli sendt brev til kommunane om søknadar om skjønnsmidlar til m.a. fornyingsprosjekt.

Lukke til i den vidare prosessen !

Med helsing



Lars Sponheim  
fylkesmann



Ole Bakkebø  
fagdirektør

Kopi KS Hordaland  
Kopi regionkontora  
Kopi Hordaland fylkeskommune